

Forskrift om open brenning/bålbrenning, Sande kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsatt av Sande kommunestyre 12.12.2023 med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å redusere sannsynligheita for brann, samt motverke skade og annan forureining som oppstår i ved open brenning.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld i heile kommunen.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta meiner ein med:

- a. Open brenning: all form for brenning som skjer utandørs.
- b. Småovnar: forbrenningsovnar som ikkje har løyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet eller Statsforvaltaren, eller er tillate etter statlege forskrifter etter forureiningslova.

§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småovnar

Open brenning og brenning av avfall i småovnar er forbode anna enn på tilvist stad, med mindre anna følgjer av § 5 i forskrifta.

Det skal ikkje tennast bål på svaberg eller anna underlag som kan ta skade.

All brenning av avfall er forbode.

Forbodet i denne forskrifta gjeld ved sidan av det generelle bålforbodet i Noreg mellom 15. april og 15. september. Det er ikkje lov å tenne opp bål eller grill i nærleiken av skog, kystområde og anna utmark.

§ 5. Unntak frå forbodet mot bålbrenning

Forbodet mot open brenning i § 4 gjeld ikkje i følgjande tilfelle:

- a. Open brenning av reint trevirke (ved og kull) på etablerte bål plassar, utepeisar og bålpanne.
- b. Tenning av eingongsgrillar det det ellers er lov å gjere opp eld, det vil seie på ikkje-brennbart underlag, fjell- og sandgrunn eller tilrettelagde stadar. Eingongsgrill skal ikkje plasserast på vegetasjon, treverk og svaberg. Brukt kol skal behandlast som brannfarleg og vere fullstendig slokt med vatn, før det blir deponert som avfall eller blir tatt med ut av området.
- c. Brenning av trevirke i vedovn, med unntak av impregnert og malt trevirke.
- d. Brenning av avisopapir eller tilsvarande i vedovn/peis til opptenning.
- e. Tenning av bål eller grill der det openbert ikkje kan føre til skade, forureining eller brann.

- f. Tenning av sankthansbål av reint trevirke der dette ikkje kan føre til skade eller stor fare for brann. Det vert stilt krav om rydding etterpå. Det må søkjast om løyve frå brannsjefen på førehand for dette unntaket.

§ 6. *Aktsemdsplikt*

Einkvar pliktar å vise vanleg aktsemd og har plikt til å førebyggje og avgrense skadeverknadane ved brann, eksplosjon og anna ulykke, sjå brann- og eksplosjonsvernlova § 5.

§ 7. *Dispensasjon frå forbod mot bålbrekking*

Kommunen si forureiningsmyndigheit kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå forbod i forskrifta sin § 4 etter søknad. Søknad skal sendast til Sande kommune.

§ 8. *Tilsyn*

Forureiningsmyndigheita i kommunen fører tilsyn med at føresegnene i denne forskrifta blir haldne.

§ 9. *Klage*

Kommunen sine vedtak i medhald av denne forskrifta kan påklagast til kommunen sin klageinstans, jf. Forvaltningslova § 28 andre ledd.

§ 10. *Straff*

Brot på føresegnene i denne forskrifta, kan straffast med bot eller fengsel, sjå forureiningslova § 78.

§ 11. *Forskrifta trer i kraft*

Forskrifta trer i kraft så snart den er kunngjort i Norsk Lovtidend.